

---

Vår referanse 2021/16143-5  
Dato 20.04.2021

---

KVAM BYGGEVARER AS  
Steinsdalsvegen 104  
5600 NORHEIMSUND

## Varsel om vedtak - tiltak på gnr. 19 bnr. 319 - Kvam herad

Me viser til dykkar brev av 14.04.21.

Det er ført opp utebod, eksisterande terrasse er utvida, samt at det er etablert grusa avkøyrse frå fv. 49 til fritidsbustad på gnr. 19 bnr. 313. Basert på vårt arkiv, og dykkar svar av 14.04.21, finn me at desse tiltaka er utført utan løyve frå vegstyresmakta.

Oppføring av bod og utviding av terrasse nærare enn 50 meter frå senterlina på fv. 49 krev dispensasjon frå byggjegrænse i medhald av veglova § 30. Etablering, utviding eller endring av avkøyrse frå fv. 49 krev løyve i medhald av veglova § 40.

Sidan det ikkje føreligg løyve frå vegstyresmakta er dei ovannemnde tiltaka rekna som ulovlege jf. høvesvis veglova §§ 30 og 40.

INV finn at utebod og terrasse mellom anna vil kunne medføre ulemper for drift og vedlikehald av fv. 49, samt bandlegge areal for eventuell gang- og sykkelveg langsmed fv. 49. Vidare vil ny avkøyrse medføre redusert trafikktryggleik for trafikantar på fv. 49 og brukarar av avkøyrse, samt ulemper for drift og vedlikehald av fylkesvegen. Slik saka står no vurderer me difor at desse tiltaka bør fjernast/bli tilbakeført.

### Varsel om vedtak

Me varslar at det må påreknast vedtak om fjerning av utebod og den utvida delen av terrasse i medhald av veglova § 36, samt stenging/tilbakeføring av grusa tilkomst i medhald av veglova § 42.

Me ber om dykkar tilbakemelding på dette varselet innan 12.05.21. Me vil fatte vedtak i saka etter den 12.05.21 når eventuell tilbakemelding ligg føre.

Ta kontakt på tlf. 57 99 21 91 dersom du har spørsmål.

Med helsing

Ann Kristin Nes  
leiar

Bjørn Skorpa Eikeland  
avd. ingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 veglova §§ 30, 36, 40, 42

2 Rammeplan 2021-2024 - haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggjegranser

Kopi til:

KVAM KOMMUNE Grovagjelet 16

Dagfinn Vik Vestre Lurane 2